



Stortingets finanskomite

Økonomiske tiltak i møte med virusutbruddet - innspel frå Fellesforbundet

Fellesforbundet meiner situasjonen i samband med virusutbrotet er alvorleg og kan bli enno meir alvorleg, og at det er nødvendig med raskt å få iverksett tiltak også i arbeidsmarknaden for å sikra inntekter til arbeidstakarar som blir ramma. Fellesforbundet er einig i det vi oppfattar er dei fire viktigaste grepa frå regjeringa når det gjeld det som berører arbeidstakarane sine inntektsforhold:

- Lønspliktp periode på 2 dagar
- Fjerning av ventedagane
- Reduksjon i omfang av permittering ned til 40 prosent for å få dagpengar
- Lovheimlar for å utarbeida forskrifter som sikrar arbeidstakarar som har behov for å vera borte frå arbeidet på grunn av omsorgsoppgåver grunna stenging av barnehagar, skular m.m.

Fellesforbundet vil understreka verdien av å bruka mulighetene som ligg i hovudavtalane for å innretta permittering på ein solidarisk måte. Det betyr bedriftene fordeler byrdene ved permittering mest og best mulig mellom arbeidstakarane på bedrifta gjennom særleg **rullerande permittering**. Her er det viktig med gode drøftingar mellom bedrift og tillitsvalde. Fellesforbundet både informerer og oppmodar våre tillitsvalde om å bidra til dette. Dei tiltaka som regjeringa har lagt opp til gjer at kostnadane for arbeidsgjevar med å nytta rullerande permittering blir svært små samanlikna med gjeldande regelverk. Dette er ein svært god måte å møte permitteringar på. Det betyr at så mange som mulig/alle deler på byrden med permittering, samtidig som så mange som mulig/alle har arbeidstilknytning til jobben. Det er den viktigaste handsrekninga landets arbeidstakarar kan få.

La oss ta eit døme når byrdene blir fordelt likt mellom arbeidstakarane på ei bedrift: I staden for å permittera halve arbeidsstokken i to månader, blir heile arbeidsstokken permittert 50 prosent i desse to månadane med lik byrdefordeling. Det vil bety at dei arbeidstakarane som ville ha blitt permittert fullt ut desse to månadane, vil få jobba ein måned med full løn. Skilnaden mellom full løn og dagpengar i ein måned for ein person med 40 000 kroner i månadsløn, er tilnærma 15 000 kroner.

Med regjeringa sitt opplegg endrar ein ikkje oppteningsgrensene for å få dagpengar under permittering (med unntak av permitteringsprosenten) og ein gjer heller ikkje noko med dette for dei som blir ledige. Vi må sørge for at fleire kan få rett på dagpengar. I den

spesielle situasjonen vi er i no meiner Fellesforbundet, som eit mellombels tiltak, at **alle som blir permitterte og oppsagte** må få dagpengar basert på den lønna dei har i dag, eller eventuelt for ein lengre periode før permittering eller arbeidsløyse. Det betyr at alle med arbeidsinntekt som blir permitterte eller ledige får dagpengar - ikkje berre dei over eit bestemt nivå. Eller sagt på ein annan måte: dagpengar frå første krone.

I rundskriv frå NAV, seinast oppdatert 4. mars, kjem det fram at permitterte arbeidstakarar må ha opphald i Norge for å få rett på dagpengar etter norske reglar. Dette stussar vi på. Arbeidstakarar frå EØS-området som arbeider på turnus-/rotasjonsordningar har etter dagens reglar rett på dagpengar frå Norge om dei blir permitterte. Andre arbeidstakarar har etter rundskrivet ikkje rett på det dersom dei reiser ut av Norge. Særleg i dagens situasjon synes vi at det er svært urimeleg, ja meiningslaust. Grunngevinga for at dei ikkje kan reise heim, er aktivitetsplikta i den norske arbeidsmarknaden medan dei er permitterte. Men i dagens situasjon med forventta store permitteringar vil det knapt vera ein einaste mulighet for permitterte arbeidstakarar å skaffe seg arbeid i permitteringstida. Dette er arbeidstakarar det er betalt arbeidsgjevaravgift for og dei skal tilbake til Norge når permitteringstida er over. Då bør det vera slik at det også er frå Norge dei får dagpengane sine i permitteringstida. Det er jo eit uttrykt ønske at folk helst skal vera minst mulig i aktivitet, og med oppfordring til mange om å halda seg inne. Då vil det vera det beste at arbeidstakarane kan vera heime medan dei er permitterte, framfor at dei må opphalda seg på brakke og liknande.

Det bør også vurderast om arbeidstakarar utanfor EØS som har arbeidstillating og som blir permitterte eller oppsagt, får dagpengar frå Norge for ein periode sjølv om dei må dra heim.

Fellesforbundet er einig i at det i lovverket blir gitt utvida fullmakter for departement (regjering) å utarbeida forskrifter for å sikra at arbeidstakarar som blir ramma på grunn av ulike innskrenkingar ikkje kan utføra arbeidet sitt og dermed heller ikkje ha inntekt. Vi viser her til stenging av skular, barnehagar osv. Vi støttar at det blir utvida rett til permisjon med løn, omsorgspengar m.v. og forslag om mindre krav til legerklæring og større bruk av eigenmelding.

Vi støttar forslaget om å styrka midlane til kompetanseheving og bedriftsintern opplæring i bedrifter som blir ramma av virusutbrotet. Dette har neppe så stor betydning på kort sikt, men varer krisa lenger er dette viktig, og då bør det også setjast av ytterlegare midlar og også utvida mulighetene for å nytta bedriftsintern opplæring.

Som nemnt er vi einige i at når situasjonen er ekstraordinær må det setjast inn ekstraordinære tiltak. For å sikra arbeidstakarane vil det derfor vera riktig at staten overtar ansvaret for at arbeidstakarane opprettheld full løn i den reduserte lønspliktprioriteten. Da er det samtidig viktig at andre grupper/tilfelle som nemnt i dette notatet også blir sikra.

Med venleg helsing
Fellesforbundet

Vår dato
14.03.2020

Vår referanse
20/1179-1/ NOMO

Jørn Eggum
(*sign.*)

Norvald Mo
(*sign.*)

Dette brevet er elektronisk godkjent i Fellesforbundet og har derfor ingen signatur.